
Vår referanse 2020/61259-4
Dato 25.08.2020

ING. TAULE AS
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Svar - Vedtak om dispensasjon frå byggegrense - fv 5476 - gnr 147 bnr 33 - oppføring av støttemur - Alversund - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad datert 11.08.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5476 for å oppføre støttemur på gnr. 147 bnr. 33 i Alver kommune.

Villkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan datert 24.08.2020.
2. Avstanden frå støttemuren til senterlina på fylkesveg 5476 skal vera minst 17 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5384.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Det er ikkje sett byggegrense i kommuneplanen og veglova gjeld i dette høvet. Byggegrense langs fylkesveg er sett til 50 meter jf. veglova §29.

Det er søkt om ein avstand på 17 meter frå prosjektert støttemur til fylkesvegens midte. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Støttemuren hindrar ikkje sikt i avkøyrslø til eigedomen og er utanfor fylkesvegens tryggleiksavstand.

Vi vurderer det slik at vi kan gje dispensasjon i denne saka.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Leo Ari Vetaas
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg**1 Vedlegg situasjonsplan**